

Møteprotokoll

Dato: 27.06.2014

Til stades:	Gustav Bahus Atle Kvåle Alf Helge Greaker Tom Skauge	FRP A V FL SV/R	
	Frå administrasjonen møtte: Håkon Rasmussen Erlend Iversen Inge Edvardsen Lise Ådlandsvik Vigdis Robak Bjørge Hans-Christian Engum Sindre Lillebø (SVV) Petter Christiansen (TØI)		
Forfall:	Eli Årdal Berland (H)		
Emne:	Tverrpolitisk arbeidsgruppe innfartsparkering – Møteprotokoll 06. juni 2014	Sak:	2014/15627- 3
Møtetid:	Kl. 09:30 – 12:00	Møtestad:	Møterom 826 Fylkeshuset

Møteleiar: Gustav Bahus

Referent: Inge Edvardsen

Saker:

1. *Notat om status for innfartsparkering*
 2. *Presentasjon av innfartsparkeringsprosjektet ved Petter Christiansen frå TØI*
 3. *Tema til diskusjon*
 4. *Program for fagseminar*
1. Notat om status for innfartsparkering vart lagt fram. Arbeidsgruppa meinte at notatet burde sendast som melding i SAMU. Vidare vart det spurt om det kunne utarbeidast ein informasjonsbrosjyre som kunne distribuerast til kommunane. Denne skulle omhandle prosjektet ein no er igang med, og den vidare prosessen.
 2. Presentasjon ved Petter Christiansen (TØI) om innfartsparkeringsprosjektet i regi av Transnova/TØI som Hordaland fylkeskommune er ein del av. I denne samanhengen vart det mellom anna gjennomført ei kartlegging av innfartsparkeringsplassane og brukarane av denne i mai/juni 2014. Resultata av denne skal inngå i sluttrapporten, men vert og ein del av grunnlaget for utarbeidinga av strategien for innfartsparkering i Hordaland.
 3. Det var på førehand sendt ut ei liste med ei rekkje punkt som tema til diskusjon. Punkta utgjorde grunnlag for ein generell diskusjon. Hovudpunkta var følgjande:
 - o Lokalisering
 - o Kollektivtrafikk/bompengar/parkeringstilgang

- Utforming
- Sambruk
- Forholdet til lokalbussar
- Finansiering
- Innfartsparkering for sykkel
- Ambisjonsnivå/dimensjonering

4. I samband med SAMU-møte i september, vert det den 16. september arrangert eit fagseminar for innfartsparkering. Hovudmålet med fagseminaret er å ha eit bredt diskusjonsforum før strategi for innfartsparkering vert lagt fram politisk seinare i haust.

Forslag til program for fagseminaret vart lagt fram, og det vart gjort nokre endringar. Dette gjeld i hovudsak at spørsmål og diskusjon vert gjort etter kvart innlegg, og at seminaret bør innleiest med ein status for innfartsparkering i Hordaland.

5. Administrasjonen skal til neste møte gjere greie for:
- a. Tal på innfartsparkeringsplassar for sykkel, og informasjon om desse
 - b. Kartlegging av ulike former for betalingsløysingar knytt til innfartsparkering, eventuelt knytt til bussbilletten